

# BOKN BYGDABLADET

NR. 1 - FEBRUAR 1992 - ARG. 7


UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

## HURTIGBÅTANE TILBAKE TIL FØRESVIK FRÅ 1. FEBRUAR

Samferdselsstyret i Rogaland vedtok den 24. januar at hurtigbåtane sin anløpsstad på Bokn midlertidig skal flyttast frå Arsvågen til Føresvik.

Bakgrunnen for at saka er tatt opp er dei problema hurtigbåtane har hatt på Arsvågen. Slik kai- og hamnetilhøva er på Arsvågen, meiner Flaggruta i brev til Samferdselssjefen at p.g.a. sikkerhetshensyn til passasjerar og skip, er denne hamna uegna for anløp av hurtigbåt i store deler av året.

Samferdselssjefen skriv i saksframlegget at han



forutset at anløpsstaden blir flytta tilbake når Arsvågen er utbetra slik at hurtigbåtane kan anløpa også i dårleg ver.

Ved DSD får bygdabladet opplyst at dei foreslår at hurtigbåtane skal anløpa Føresvik frå 1. februar.

### 4% AUKE I KOMMUNALE AVGIFTER

På dei fleste områda er dei kommunale avgiftene auka med 4% frå 1991 til 1992. Det gjeld mellom anna kloakkavgift, vassavgift, renovasjonsavgift og gebyr for kart og oppmålingsforretningar.

Også satsane for foreldrebetaling i barnehagen er gått opp med 4% frå 1991 til 1992. Når det gjeld musikkskulen er satsane for einetimar uendra frå 1991 fordi dei ligg tett opp til maksimalsatsen for å få

statsstønad. Dei andre satsane i musikkskulen er justert opp med ca.6 - ca.11%.

Når det gjeld vederlag/eigenbetaling for heimesjukepleie og heimehjelp, vart det vedtatt at det ikkje skal tas vederlag for vanleg heimesjukepleie i 1992. Når det gjeld heimehjelp er det kome nye sentrale reglar om kven som skal betala eigenandel. Dei som har små inntekter skal i 1992 ikkje betala eigenandel for heimehjelp.

DESSE SKAL STYRA BOKN 1992 - 1995:

ORDFØRAR: LEIF VATNALAND - VARAORDFØRAR: BERNHARD VÅGE

kommunestyret i Bokn for  
perioden 1992 - 1995:

SKULESTYRE:

DET NORSKE ARBEIDARPARTI

1. Birger Lindanger
2. Ove Alvestad
3. Gunnar Bokneberg

HØGRE

1. Gunn A. Grønnestad
2. Svein O. Alvestad
3. Dag Idar Jøsang
4. Finn Erik Drange

KRISTELEG FOLKEPARTI

1. Sigurd J. Svendsen
2. Sverre Øvrebø

SENTERPARTIET

1. Leif Vatnaland
2. Bernhard Våge
3. Thor Jøsang
4. Sigvart Våga
5. Trond Nedrebø
6. Anne Marie Medhaug
7. Bjarte Kro
8. Johannes Nilssen

- SP.: 1. Anne Marie Medhaug  
2. Rune Vatnaland  
3. Ragnhild Laupland  
4. Trond Nedrebø

- H.: 1. Ingvar Alvestad  
2. Gunn Grønnestad

- Kr.F.: 1. Sigmund Alvestad

- A.: 1. Marie Løvoll Faye  
2. Arne Hosaas

leiar: Sigmund Alvestad

Nestleiar: Ingvar Alvestad

TEKNISK HOVEDUTVALG

Medlemmer:

AP. Ingjerd Thuestad

SP. Anbjørn Bokneberg  
Bjarte Kro  
Sigrunn H. Hosaas

KRF. Harry Vågshaug

H. Svein Ove Alvestad  
Ingebjørg Larsen

Leiar: Bjarte Kro  
Nestleiar: Svein Ove Alvestad

FORMANNSKAP

Senterpartiet

Leif Vatnaland  
Bernhard Våge

Høgre

Gunn Grønnestad

Arbeiderpartiet

Birger Lindanger

Kr. Folkeparti

Sigurd J. Svendsen

## HELSE OG SOSIALSTYRE

### Medlemmer:

SP. Thor Jøsang  
Solveig E. Våga  
Norunn Jordbrekk

AP. Ove Alvestad

H. Finn Erik Drange  
Ingvar Alvestad

KRF. Ingrid Blikshavn

Leiar: Ove Alvestad  
Nestleiar: Solveig E. Våga

## KULTURSTYRE

### Medlemmer:

SP. Johannes Nilssen  
Wenche Laupland  
Målfrid Langhelle

H. Dag Idar Jøsang

AP. Gunnar Bokneberg  
Marit Markhus

KRF. Solveig Våga Loten

Leiar: Gunnar Bokneberg  
Nestleiar: Dag Idar Jøsang

Frå 1992 er det lovbestemt at alle kommunar skal ha eldreråd. Eldrerådet skal behandla alle saker som angår eldre i kommunen, og administrasjonen skal leggja fram sakene for rådet i god tid før dei skal behandlast i kommunestyret. I dei tilfellene kor saker opp i andre hovedutval eller styre og råd, skal eldrerådet ha sakene til behandling før hovedutvalet behandlar saka.

## ELDRERÅD

### Medlemmer:

Kjell Kro  
Målfrid Kro Trosnavåg  
Leonora Alvestad  
Anne Marie Medhaug  
Leif Vatnaland

### Varamedlemmer:

Johannes Øvrebø  
Olaug Hognaland

Solveig E. Våga  
Bernhard Våge



# SORRY

De eldre

er en ressurs,  
heter det.

Fra å være en  
skremmende  
eldrebølge er  
de forfremmet  
til bølgekraft.

SORRY, e.  
Trollhaugens  
Tass.

## Dette er fordelene med PMS - Pensjonsforsikring Med Skattefradrag.

### Trygghet:

Du får alderspensjon i tillegg til Folketrygden fra 67-77 år. Dersom du faller fra før pensjonsalder, vil dine etterlatte få pensjon i 5 år.

### Skattefradrag:

Trekk hele innbetalingen fra på selvangivelsens post 30 (maks. kr. 30.000 og maks. 10 % av gjennomsnittlig nettoinntekt siste 2 år). Har du SMS-sparing, vil du kunne få dobbelt skattefradrag for de samme pengene.

### Du binder deg ikke:

Med PMS kan du velge å betale det beløpet du selv ønsker, eventuelt la være å betale i ett eller flere år.



## LITT NYTT FRÅ SPEIDAREN

Et nytt år står for døra og med det nye tropps/patrulje- og førermøter for speiderne. Vår- og sommarprogrammet er satt opp, håper det blir mange fine møter, samlinger og turer vi får sammen. Av det som skal skje er det basaren vår som vi prøver med i år også, den skal vi ha 18. februar og i den anledning ber vi om at alle som har lyst å støtte oss med gevinster, store eller små, skal få lov til det. Den 31. juli - 7. aug. skal vi på kretsleir til Halsnøy og er det noe som er spennede og

kjekt så er det å reise på leir. Men før det er det mye vi må gjøre som f.eks øve oss litt meir på pionering + lage 2 nye utstyrskasser, (vi har 2 fra før).

Høsten gikk med til å innerde "huset vårt", så når patruljene nå skal ha møtene sine har de egne rom som så og si er ferdige, så det blir kjekt. En stor takk til de foreldre som var med og hjalp til der, og som ellers stiller opp når det er kjøring, baking o.l.

M.S.Ø.

Teknisk sjef i Bokn, Hans Faye, opplyser til bygdabladet at det ser ut til å bli ferdigstilt 8-9 nye hus i Bokn i 1992. To-tre av disse er snart innflyttingsklare, eit par er påbegynte, og resten vil sannsynlegvis bli ferdige før året er omme.

Dette talet er større enn vanleg. Normalt har det vore i overkant av 4 nye hus pr. år ferdige. Ser ein på 1991 og 1992 i samanheng, er alt normalt, for i 1991 var det ingen hus ferdigstilt. Dermed blir gjennomsnittet for dei to åra litt over 4 hus pr. år. I 1990 var det 5 nye hus ferdigstilt.

I byggefeltet Hålandssjøen er det 12 tomter som er klare for bygging. 10 av disse er tildelt. Det er også 1 ledig tomt i byggefeltet nord for Hålandssjøen.

Eit par byggefirma averterer "skreddarsyde" hus på Bokn. Ved Vestlandshus og Utvik A/S får bygdabladet opplyst at



det har vore ein del interesse for tomtene, og at nokre vurderer bygging. Vestlandshus har fått kontrakt på 1 hus til nå.

Elles vil fleire av dei husa som blir ferdigstilte i år liggja utanom byggefelt i tilknytning til gard eller elles utanom Føresvik/Alvestad-området.


**TIRSDAGSTREFF  
BLIR  
TORSDAGSTREFF**

Frå februar blir det endring på vekedag for sanitetsforeninga sitt treff med kaffi, vafler og drøs på Allrommet.

Då blir treffet lagt til torsdagar i staden for tirsdagar.

Omliggjinga skjer frå og med torsdag den 6. februar. Torsdagstreffet er frå kl. 10.00 til ca. kl. 12.30.

Alle - både eldre og andre er velkomne til ein drøs og ein kaffikopp. Det er både lege, tannlege og ope bibliotek på torsdagar. Elles er bank, post, kommunale og statlege kontor tilgjengelege - alt under eitt tak i Boknatun.



## "FØR OG NÅ"

PROLOG VED BOKN PENSJNISTFORENINGS MØTE 29.01.82

10 år er gått sidan prologen vart framført av forfattaren som er Olaug Hognaland:

Her er to små ord her på jorda, som rett ofte er å sjå. Vil du veta dei orda, så heiter dei "før" og "nå". Dei fyller alle aviser, sidene opp og ned: "Merk våre "FØR OG NÅ PRISER" bare kom innom og se."

Der har du same slaget, me ser dei så snart me kjem inn, så vel i Samvirkelaget, som i byens stormagasin; Pakkar med allslags godt i, og suppa med selleri, før kosta dei tri femogåtti, nå går dei for litt under tri. Det finaste spøtegarntet for åtte femti du får, og bukser til minstebarnet fall ti prosent frå igår.

Når me kjem heim omsider, så kan me setja oss ned, og minnast andre tider, og andre prisar med.

Så kan me sitja og grunna på, den store skilnad på "før" og "nå". Til og med været er nytt og løye, ikkje slik som det eingong var. Nå får du iskald vind i høyet og torever og lyn i januar.

Når uveret bryt, og straumen går, så vert me minte om farne år. Den vesle lampen som dingla i stova, halvmørkt kjøken, og svart utom nova. I lange mørke vinterkveld, kom ungane og ba: "Bestefar fortel". Og han laut fortelja, og dikta ivei, og syngja, enten han kunne eller ei.

Men det var før løgnasane Lorentzen og Dolmen, overtok saman med Børresen og Skolmen.

Sumar og vinter, i allslags vær, me ferdast kring bygda på sålelær. Slikt var'kje drygt å slita på, det fekk skomakaren sanneleg sjå.

Lange dagar, og lyse kveldar, han sat ved leisten i sin lune kjellar. Visstnok tok han ein pause i strevet, men tøysa 'kje slik som Andersen i TV. Han sat og sydde, og flikka og fjelga, og alle ville ha sine til helga. Då stod dei på bordet og skein som lakk, så var det betaling: tri femti takk.

Men dei som budde på Jøsen, og hadde kjærast i Kro, ga skomakarinntekt så det foreslo.

Me levde vår barne og ungdoms tid, og ingen spurde kva me skulle bli. Jenta var glad til ho fekk seg ein mann, og var sidan fornøgd i sin Husmorstand. Men ein dag sa også dette stopp, då Nyfeministane stakk hovudet opp. Sjå ditt eigenverd, ver ikkje nauten, gå og stulla med ungar, og røra i grauten. Få deg ein status, betal din skatt, gå ikkje rundt som fru Ditt eller Datt. Og kvinna ho hørde, og tenkte så: "Ja, kvifor skulle ikkje dette gå?"

Nå vil eg søkja høgaste skole, eg greier det nok, såvel som ein mann. Ho kledde seg jamvel i krage og kjole, og skapte strid på høgaste plan. Før var det mannen, stødt, som sat i styrer og møter, og kom heim langt på natt med sine kalde føter. Nå står han gjerne og vaskar opp,

"FØR OG NÅ" ....

og slapsar med bleier på badet medan kona samlar dokumenter ihop, tek bilnøkelen og seier: "Ha det".

Besteforeldre, slitne og grå, hadde nok med vogga og spøtet, Du skulle berre spurt om dei skulle gå, til trimmen på pensjonistmøtet. Oldemor, svartkledd og alvorstung, på veggen i gullkanta rame. Nå er ho spretten og sprek og ung, nei, ingenting er lenger det same.

Oldefar vil også gjerne fylgja med, og vonar at helsa held.

Han kler seg opp, og kjører moped, og tek nok eit tak om det gjeld.

Så kan me vurdera alt nytt me har fått. Noko er gale, noko er godt.

Livet har alltid vore blanda rett. Sorger og gleder, små og store, og omsut for barn og for den komande Ætt, er slik som det alltid har vore.

**R**

RIKSKONSERTENE



## UNGDOMMENS KULTURMØNSTRING 1991-92

Ja, også i år vert det Ungdommens Kulturmønstring i Bokn. Arrangementet vert holdt på Bokn Skule laurdag 14.mars. kl.13.00.

Dessverre var ikkje interessa i bygda den heilt store då dei forrige påmeldingande gjekk ut, og det resulterte i at me ikkje meldte oss på UKM-92 i fylkesmønstringa. (La oss berre håpe at dette års kulturmønstring går betre for utøverane enn det gjorde i fjor i Sola Kulturhus).

Den mønstringa me skal ha denne gongen har temaet "Musikk utan grenser". Det vil seie at om du malar eit bilete av eit musikkorkester, eller ein gammal utblesen tuba, at du spelar eit spesielt instrument, eller er med i ein gruppe (teater/swing/pop/disco), så er du like kvalifisert som nokon annan musikkutøvar og du er velkommen som deltakar i lokalmønstringa.

Andre er også velkomne til å delta, med bileter eller handarbeide av alle slag.

Det einaste som gjeld for alle er at ein må vere mellom 10 og 19år.

Dersom det er fleire som vil opptre saman, da må over halvparten av dei som er med vere innanfor den aldersgruppa som er nevnt.

Påmelding til Kulturkontoret/Fritidsleiar innan 28/2-92.

Fritidsleiareren i Bokn  
Olav Lande Rossebø.

# Rutejusteringer for Bokn

**Fra 1. februar**  
flyttes hurtigbåtenes  
anløp på Bokn fra  
Arsvågen til Føresvik.

I den anledning  
blir det enkelte  
justeringer av  
rutene på Bokn.

**De nye**  
**bussrutene**  
**gjelder**  
**f.o.m mandag**  
**3. februar.**

## Bokn — Tysvær — Haugesund

	Mandag—fredag	Lørdag	Søndag
Løten	06.35s 07.50s 09.40x —	08.15x	—
ARSVÅGEN Ankomst ferje:	06.40 — 10.10 17.30	—	17.30 21.00
Arsvågen	06.40 — 10.10 17.30	—	17.30 21.20
FØRESVIK Ankomst hurtigbåt fra Stevanger	— 08.40 — 17.20	08.40	17.20 21.30
Føresvik	06.48 08.40 10.10b 17.20c	08.40	17.20c 21.35
Austre Bokn	06.53 08.45 10.15 17.35	08.45	17.35 21.40
Susort	07.02 08.53 10.20 17.40	08.53	17.40 21.50
Kårstø	— 09.05 — 17.47	09.05	17.47 22.02
Tysværåvg	— 09.15 — 17.57	09.15	17.57 22.12
Aksdal bussterminal	07.30 09.35 10.35 18.15	09.35	18.15 22.30
Færre	07.35 09.40 10.40 18.20	09.40	18.20 22.35
Haugesund	07.50 09.55 10.55 18.35	09.55	18.35 22.50

**HAUGALAND BILLAG A/S**

TELEFON 04-71 46 88

## Haugesund — Tysvær — Bokn

	Mandag—fredag			Lørdag	Søndag
Haugesund (rutebilst.)	06.25	07.13	12.20	14.50	15.40
Færre	06.37	07.25	12.32	15.02	15.52
Aksdal bussterminal	06.42	07.30	12.37	15.07	15.57
Tysværåvg	06.55	—	12.30a	—	16.15
Kårstø	—	07.52	12.48a	—	15.25a
Susort	07.05	07.58	12.57	15.33	16.25
Austre Bokn	07.15	08.10	13.07	15.43	16.35
Føresvik	07.25	08.30	13.15	15.55	16.40a
FØRESVIK Avg. hurtigbåt til Stevanger	07.35	—	—	15.55	—
Arsvågen	07.35	—	13.25	D	16.40
ARSVÅGEN Avg. ferje	08.10	—	—	—	16.40
Løten	07.50s	—	—	D	—

- a) Bussen kjører til Susort og korresponderer med buss til Føresvik/Arsvågen.  
b) Bil fra Føresvik korresponderer med buss fra Arsvågen.  
c) Ruten kjøres via Arsvågen.  
D) Dersom passasjerer.  
e) Buss til Arsvågen korresponderer med bil til Føresvik.  
s) Skoledager.  
x) Bestillingsdrosje (tlf. 04-74 85 54), må bestilles dagen i forveien.

## Arsvågen — Føresvik

	Mandag—fredag		Søndag
Ferje fra Mekjarvik	06.40	10.10	—
Arsvågen	06.40	10.10	13.25
Føresvik	06.48	10.20	13.35
			16.40
			16.50
			21.00

## Føresvik — Arsvågen

	Mandag—fredag		Lørdag	Søndag
Føresvik	06.30	07.25	09.55	13.15
Arsvågen	06.40	07.35	10.05	13.25
Ferje til Mekjarvik	07.00	08.10	10.30	—
			16.40	17.50
			15.15	17.20
			D	17.30
			—	20.40
			—	21.00

D) Dersom passasjerer.



# M I L J Ø N Y T T

No er det lenge sidan de har fått veta nytt frå miljøside i Bokn. To av sakene til miljøutvalet slapp gjennom i formannskapet. Det var endringar, arbeidsform og innhald i miljøplanen og prøvetaking av to vatn. Dei andre vart utsett. Dette var medlemskap i miljøorganisasjonen KIMO og kjeldesorterings- og oppryddingssaka. Vel, me hadde da likevel ein god oppryddingsaksjon i vår. Takk for den gode oppslutnaden om den! Og kjeldesorteringsplan er me no pålagt å laga til av staten, så den er me i full gong med og reknar med å få han til politisk behandling snart.

Prøvetaking av Boknabergsvatnet og Vatnalandsvatnet er starta opp. Resultatet skal de få veta når prøveåret er omme. Til no ser det tåleg bra ut.

Elles har kommunen fått tilbod om økonomisk støtte til miljøvernleiar i halv stilling. Staten gir støtte i tre år framover. Truleg blir det lyst ut etter ein person til dette, men ingenting er avgjort enno.

## MILJØPLAN FOR BOKN

15. oktober var formannskapet, leiarar av hovudutvala, miljøutvalet, etatsjefar, kommunelege, jordbruks-sjef og rådmann samla for å drøfta kva slag tiltak ein bør satsa på innanfor miljø i Bokn.

Miljøvernleiar i Hjelmeland Haldis K. Nilsen orienterte om miljøarbeidet deira. Målsettingane der var reint vatn, rein luft og rein natur. Dei ville bevara og utvikla verdifulle trekk i natur, kultur og landskap. Det var viktig å skapa interesse for og glede over naturen og elles skapa forståing og respekt for miljøvernspørsmål. Med andre ord Hjelmeland ryddar opp, tek vare på landskap og naturverdiar og får fleire ut i naturen. Dei ville og satsa på jakt fiske og nye næringar og god organisering av miljøarbeidet på kommunalt nivå.

Men så var det Bokn. Kva slag miljøtiltak er viktige for oss? Etter eit par økter med gruppearbeid og plenumsdiskusjonar samla ein seg om desse hovudsakene:


### **Avfallsproblematikk**

Nemnda, som skal arbeida ut kjeldesorteringsplan for kommunen, legg dette fram som ein del av kommunen sin miljøplan.

### **Vatn**

Målet må vera godt drikkevatt for alle. Tiltak:

Vidareføring av noverande ordning med kommunal stønad. Prøvetaking av private vassressursar. Utarbeiding av vassbruksplan som ein del av miljøplan for Bokn og der ta stilling til korleis dei forskjellige vatna kan nyttast.



### Haldningsskapande arbeid

I haldningsskapande arbeid må ein satsa på:

- arbeid med miljøprosjekt på Bokn skule
- bruk av Bokn Bygdeblad
- bruk av lag og organisasjonar i Bokn kommune


### Kystsona/strandsona

Kystsone-/strandsoneneplan skal vera ein del av miljøplan for Bokn. Her må ein ta opp emne som badeplassar, båtliv, hamnar, turisme og utslepp frå spreidd busetnad.




Miljø-Marit

## B A T T E R I I N N S A M L I N G



Batteri har til no vore ei viktig kjelde til ureining av naturen med kadmium, kvikksølv og bly. Desse stoffa vert ikkje brote ned i naturen. Utslepp av desse metalla fører difor til at mengda av metall aukar i naturen. Dei kan konsentrerast i planter, dyr og menneske og føra til alvorlege skadeverknader.



Ein har no fått batteriforskrift som sett krav til maksimumsinnhald av kvikksølv i dei vanlege batteritypane.

Dei vanlege typene batteri skal difor ikkje lenger samlast inn, men kan trygt kastas i søppelsekken.


Batteri som er merka med retursymbol skal framleis samlast inn.



Alle forhandlarar har plikt til å ta i retur samme type batteier som dei sel.

Nokre batteri er så små at dei ikkje får plass til returmerke. Det gjeld t.d. knappcellebatteri som blir brukt i kamera og høyreapparat. Retursymbolet vil da stå på emballasjen.

Oppladdbare batteri skal framleis leverast til innsamling. Dette gjeld også dei som ikkje er merka med retursymbol.



Mange elektriske artiklar har eit fastmontert oppladbart batteri. Dette finnes i t.d. ministøvsugarar. Dersom du skal kasta produktet bør du prøva å få batteriet ut, og så levera det til innsamling.

Etterkvart vil det koma i handelen oppladbare batteri utan kadmium (nikkelhybridbatteri). Desse vil vera meir miljøvennlige enn dagens nikkel/kadmiumbatteri.

# BIBLIOTEKET - gratis å spørje gratis å få svar

LESETIPS FOR FEBRUAR

## VAKSNE

Fisher, Carrie:  
Bittert favntak

Higgins, Jack:  
Ukjent havn

Koontz, Dean:  
Midnatt

Rydsjø, Elsi:  
De røde fjellene

Solstad, Dag:  
Roman 1987

## BARN/UNGDOM

Henriksen, Vera:  
Skipet uten drage

Holmås, Stig:  
De usynlige

Lind, Ivar:  
Drakeblod

Newth, Philip:  
Ikaros igjen

Tusvik, Marit:  
Petter Larsens  
Dag-og nattbok



# REFERAT FRA B.T.V. KVINNEFORUM

( Kvinneforum for Bokn, Tysvær og Vindafjord)

## KVINNER KAN !

Første åpne møte i B.T.V. KVINNEFORUM (for Bokn, Tysvær og Vindafjord) ble holdt 21. januar i Tysvær Rådhus.

Næringssjef på Bømlo, Inger Karin Nerheim inspirerte ved å fortelle om kvinnerettede tiltak i Sunhordland, og nettverksarbeid.

Av 97 etablerte kvinner i S.H.L. hadde hittil ingen gått konkurs. Dette kan tilskrives god rettleiding og informasjon om det "Å starte for seg selv", bl.a. i form av etablerskole for kvinner, bygd på deltagerene sine premisser.

Mange kvinner går med ønske om å starte noe, men mangler initiativ og støtte. Det er her kvinneforum/nettverk kommer inn. En kan tilby kurser om f.eks. lederopplæring og etablerkurs. Det kan arrangeres kvinnemesse med ideer til å velge utradisjonelle yrker. Videre kan en ha temadager med aktuelle emner i tiden, og ikke minst være et nettverk som støtter, holder sammen, oppmuntrer og gir inspirasjon.

D.U. konsulent Elin Sabbasen var og til stede på møte. Hun fortalte litt om hva som skjer i Rogalandskommunene. Bl.a. fortalte hun om Klokkergården interkommunale samarbeidsprosjekt, som på Helleland i Eigersund har fått sitt eget kunstsenter. Det er kommunene Lund, Bjerkreim, Sokndal og Eigersund som har gått sammen om dette senteret. Alle brukskunstnerar, kunstnerar og husflidsfolk i disse kommunene kan bli andelseigerar for den nette sum av 500 kroner.

Videre kunne Elin Sabbasen fortelle om etablerte nettverk bl.a. i Sauda, Suldal og Dalane.

Leder i B.T.V. Kvinneforum, Gurid Øygard sa i sitt innlegg at nettverksarbeid skal virke både for Politisk, Sosialt og Næringsmessig engasjement. Ikke minst at vi blir flinkere å bruke våre politikere.

Tilstede på dette første møte var ordførere både fra Vindafjord og Tysvær.

Det var stor interesse for nettverksarbeid blant de fremmøtte, noe som bidrar til at vi lettere kan arbeide videre i B.T.V. Kvinneforum.





## ASPIRANTAR

**LYST TIL Å VERA MED**

**I BOKN BRASS ?**

Alle kan lære seg å spela eit instrument, og det er heller ikkje aldersgrense for spelestarten !

Bokn Brass tar gjerne imot vaksne folk som ynskjer å gjera suksess på eit messing-instrument eller trommer.

Planen er at interesserte gjennomgår notekurs med start på instrumentet samtidig.

DU TRENG ALTSÅ IKKJE KUNNE NOKO PÅ FØREHAND !

HUGS OGSÅ PÅ AT BOKN BRASS IKKJE BERRE ER SPELING. DET ER VEL NOK Å NEMNA BYGDA-REVIEN FRÅ I FJOR.

INTERESSERTE TAR KONTAKT MED FORMANN JORID VEA ELLER PÅ SKULEN VED ODDRUN ELLER JARDAR.

**KOM IGJEN !**

*Jordan*



**BOKN KOMMUNE**

Bokn barnehage

SØKNAD OM BARNEHAGEPLASS  
1992/93

Søknadsskjema vert å senda Bokn barnehage innan 1. mars 1992.

Søknadsskjema får ein i barnehagen og ved skulekontoret.

For nærare opplysningar kan ein kontakta styrar på tlf. 74 85 40 eller 74 85 00 linje 151.

Styrar



**BOKN KOMMUNE**

**BOKN MUSIKKSKULE**  
4290 FØRESVIK — TLF. 04-74 85 00

## SOLOSONG

Det er no ledig ein elevplass på denne aktiviteten med Oddrun som lærar.

SOLOSONG er sjølv sagt for songglade personar som vil utvikla stemmen sin vidare.

Du vil også få syngja med andre elevar i musikkskulen m.m.

**INTERESSERTE TAR KONTAKT MED MUSIKKSKULEN.**

*Jordan*

## BOKN RØDE KORS BESØKSTJENESTE

vil takke alle som bidrog med ting til julemessa vår. Resultatet var over all forventning godt.

Vi har noen ganske få av Boknabru-platten igjen. Den kan kjøpes ved henvendelse til oss i besøkstjenesten:  
Else : tlf. 74 83 38  
Solvor: tlf. 74 83 08

Kanskje en ide som gave til barn som er flyttet hjemmefra?

Hilsen beboerne på sykestua og Bokn Røde Kors Besøkstjeneste.

### TANNKLINIKKEN

Ungdomspasientar (16 - 20 år) bes ta kontakt for timeavtale til vinterferien uke 10 (3. og 5. mars).

### BYGDEBLADNEMND 1992-95

Bokn kommunestyre har valt desse som medlemmer av bygdebladnemnda:

Arvid K. Jøsang  
Liv Vatnaland  
Ingunn Våge

## BOKN KOMMUNE



### LEGE/LEGEVAKT

Frå 15. januar tok avtalen mellom Bokn og Tysvær kommune om visse helsetenester til å fungera.

Det betyr at det nå er tilsett ny lege i Bokn som tar imot pasientar på måndagar og torsdagar.

Bestilling av time skjer på tlf. 74 85 00.

Elles kan innbyggjarane i Bokn og Tysvær gjensidig nytta legetenesta i begge kommunane.

Bokn og Tysvær er nå felles legevakt-distrikt.

Det er døgnvakt ved legevaktssentralen i Bokn som har tlf.nr. 74 85 22. Ved livstruande tilstandar kan ein også ringa tlf. 003. Ein kjem då til AMK sentralen ved fylkessjukehuset i Haugesund som kan setja i gong hjelpeaksjon.

### ÅRSMØTE

Bokn Høyre har årsmøte onsdag den 12. februar kl.19.00 på Boknatun. Årsmelding - regnskap - valg - eventuelt. Styret

## BOKN BYGDEBLAD

### UTGJEVAR:

Bokn kommune  
4290 BOKN  
Tlf.04-748500  
Postgirokonto nr.0806 5 68 45 01  
Bankgirokonto nr.3373.07.00305

### BYGDEBLADNEMND:

Ingunn Våge  
Arvid K. Jøsang  
Liv Vatnaland

### REDAKTØR:

Reidar Alvestad

### ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn.  
Utanbygds: kr.100,- pr. år.

### ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr.300

Halv side:kr.150

1/4 side: kr. 75

1/8 side: kr. 50

Små privatannonser: kr.10,-.

### FRIST FOR STOFF:

Den 20. i kvar mnd.

Bladet kjem ut med 10 nr. årleg.

## ARRANGEMENT

31.01: Kino  
12.02: Bingo. Arr: Skulekorpset  
22.02: Dans. Arr: Bokn Brass  
24.02: Pensj.for. har møte

## HYBEL/LEILIGHET

Pendler ønsker å leie  
hybel/leilighet i Bokn eller  
Tysvær.

Arbeider på Kårstø.

Henv. tlf. 52 55 96

77 74 26

eller 51 01 74



02.02. Kl.11.00. Høgmesse v/  
Bårdsen. Offer til  
"Kyrkjetonar".

16.02. Kl.19.00. Kveldsmesse/  
familiegudsteneste.  
Utdeling av Godt Nytt  
til 4.klasse. Offer  
til Bibelselskapet.

### SAUABEITE TIL LEIGE

"Stora Kjøynå" er ledig for  
utleige. Interesserte kan ta  
kontakt på tlf. 74 84 31.

### LEDIG STILLING:

### PRAKTIKANT

søkes snarest - Tysværvalg  
Tlf. etter kl.17: 77 76 54  
eller jobb 77 73 50

### BOKN FOLKEBIBLIOTEK

treng vikar i mars, juni og  
oktober 1992 i tilsaman ca. 7  
veker.

Interesserte tar kontakt med  
biblioteksjef Linda Ognøy  
eller sekr. for kulturstyret  
Reidar Alvestad -  
tlf. 74 85 00 innan 15.febr.

### MØTER BOKN BEDEHUS:

#### JANUAR:

29.-2.febr.: Misj.sambandet

#### FEBRUAR:

18.: Basar - speidaren Kl.19

19. og 20: Israelsmisjonen

25.-1.mars: Karmsund Ind.misj.

#### MARS:

3.: Kristenrussen

8.: Blå Kors

10.-15.: Indre Sjømannsmisj.

22.: Årsmøte

25.: Basar - Hognaland

29.: Bibelskulen

#### APRIL:

5.: Karmsund Indremisjon:  
ettermiddagsmøte

17.: Frelsesarmeen

23.: Israelsmisjonen

26.: Blå Kors

### TAKK

Hjarteleg takk til alle som  
hugsa meg på 75 årsdagen.

Helsing

Målfrid Kro Trosnavåg

### FOTPLEIE:

Det vert fotpleie onsdag den  
12.februar.

Eigenandelen for pensjonistar  
er nå kr. 90,-.

Påmelding til sosialkontoret  
i tlf. 74 85 00